

TIL DEG SOM VIL VITE MEIR OM

MOLLUSKAR

KVA ER MOLLUSKAR?

Molluskar er ein hudinfeksjon som skuldast Molluscum Contagiosum Virus (MCV). Dette er ein godarta infeksjon, og kroppen kvittar seg med viruset utan behandling.

Molluskar er små perleliknande, hudfarga, runde element. Ein kan sjå ei nedsenking i midten. Dei er normalt 1-2 mm i diameter og optrer som oftast i grupper.

KVEN KAN FÅ MOLLUSKAR?

Molluskar er vanlegast hos barn. Dei blir truleg smitta frå virusreservoar ute i naturen.

Barn kan få utslett fleire stader på kroppen, også i ansiktet.

Dei fleste får utslett på beina.

Hos vaksne finn vi oftast molluskar på kjønnsorgana og i hudområde rundt kjønnsorgana, for eksempel på innsida av låra og nedanfor navlen.

Nedsett immunforsvar kan gjere at ein er meir mottakeleg for smitte.

KORLEIS SMITTAR DET?

Molluskar smittar gjennom hudkontakt og kan overførast ved samleie. Inkubasjonstida (dvs. tida frå ein blir smitta til ein utviklar sjukdom) er mellom ei veke og seks månader.

Viruset kan også smitte gjennom handkle og klesplagg.

Utslettet kan spreiest frå ein plass på kroppen til ein annan via kloring og barbering.

KVA PLAGER KAN MOLLUSKAR GJE?

Molluskar kan klø. Også ei tid etter at molluskane er fjerna kan det klø i det aktuelle hudområdet.

Kloring kan medføre at det oppstår bakterieinfeksjon i huda.

KORLEIS KAN MOLLUSKANE BEHANDLAST?

Molluskar forsvinn som oftast av seg sjølv og treng ikkje behandlast. Dersom utslettet blir opplevd som skjemmande eller plagsomt, kan lækjaren fjerna kvart einskild element.

Det blir oftast brukt ei skarp skei til å skrapa bort molluskane frå huden. Dei kan også fjernast ved hjelp av frysebehandling. Behandlinga er tidkrevjande og kan vere smertefull. I nokre tilfelle kan ein bedøve med EMLA krem (overflatebedøving) på førehand.

Det kan vere lurt å smørje med Brulidine krem etter behandling for å førebygge mot bakterieinfeksjon i huden.

Nokre legemiddel som blir brukte til behandling av vorter, kan også ha effekt på molluskar.

KOR LENGE VIL MOLLUSKANE VERE DER?

Infeksjonen varer som oftast frå 6-9 månader. Hos personar med atopisk eksem eller nedsett immunforsvar kan infeksjonen vare lenger og utslettet kan bli svært utbreidd.

ER MOLLUSKAR FARLEG?

Nei.

Har du spørsmål, kan du vende deg til:

Avdeling:

Telefon:

www.helsebergen.no